Fyresdal kommune

Arkiv:	M75
Saksmappe:	2025/289-4
Saksbeh.:	Halvor Homme
Dato:	22.09.2026

Saksframlegg

Brannovervaking i Øyskogen og Folkestadbyen

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		17.09.2026

Endeleg vedtaksrett i saka har: Plan og miljøutvalet

Dokument i saka:

Vedlegg
1 Brannvarsling Folkestadbyen og Øyskogen
2 Folkestadbyen brannvarsling.docx
3 Folkestadbyen og Øyskogen - brannvarsling - svar

Bakgrunn for saka:

Plan- og miljøutvalet bad før sommarferien om å få ei politisk sak om mogleg brannovervaking i Øyskogen og Folkestadbyen.

Vest-Telemark Museum kontakta Fyresdal kommune 28. februar 2025. Museet vurderer å etablere brannovervaking av bygningane i Øyskogen, moglegvis ved hjelp av termiske kamera som registrerer temperatur, flammar og røyk. Museet spurde om kommunen hadde tilsvarande overvaking av Folkestadbyen, og om kommunen kunne vere interessert i eit spleiselag som dekte begge områda.

I førespurnaden er det skissert eit anlegg med eitt eller to kamera, mast, straumforsyning, brannsentral og årlege driftsutgifter. Det låg ikkje føre prisar, konkret teknisk løysing eller forslag til fordeling av investerings- og driftskostnader.

Kommunen vurderte førespurnaden, men fann ikkje grunnlag for å gå vidare med ordninga. I april 2026 mottok kommunen ein reaksjon frå bebuarar i Folkestadbyen med 56 underskrifter. Bebuarane viste til den tette busetnaden, dei kulturhistoriske verdiane, fast busetjing, utleige og eit nyleg branntilløp i Skippergata. Dei bad kommunen om å delta i ordninga.

Kommunalsjefen svarte 6. mai 2026 at kommunen hadde forståing for engasjementet, men at det på det tidspunktet ikkje var aktuelt å gå inn i den konkrete ordninga. Det blei mellom anna vist til uavklarte kostnader og usikkerheit om dette var det rette tiltaket for Folkestadbyen.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023–2035 seier at Fyresdal kommune skal vere ein

god stad å bu og leve, mellom anna ved å skape gode bustader og nærmiljø og ta vare på kulturarven.

Øyskogen og Folkestadbyen har store kulturhistoriske verdiar, og tidleg varsling kan bidra til å avgrense ein brann. Riksantikvaren peikar på tidleg branndeteksjon som eit aktuelt tiltak i verneverdige trehusmiljø. Samstundes bør tekniske tiltak byggje på ei samla risikovurdering eller brannsikringsplan. Riksantikvarens rettleiing om brannsikring

Dei to områda har ulike føresetnader. Øyskogen er eit avgrensa museumsområde med i hovudsak føreseieleg aktivitet og få ordinære varmekjelder. Folkestadbyen er eit levande bustad- og sentrumsområde. Her er det mellom anna fyring, piper, grilling, køyretøy og annan aktivitet som gir normal varmeutvikling.

Moderne termiske system kan programmerast til å skilje mellom normale varmekjelder og mogleg brannutvikling. Dette krev likevel ei løysing som er særskilt prosjektert og innstilt for området. Det må også etablerast rutinar for mottak og kontroll av alarmar før brannvesenet eventuelt blir varsla. Utan ei slik tilpassing kan normale varmekjelder føre til unødige alarmar og belastning på brann- og redningstenesta. Dette er noko eit deltidsbrannvesen slik me har i Fyresdal ikkje er spesielt godt rusta for.

Det ligg ikkje føre teknisk prosjektering, dokumentasjon på forventa feilalarmar, kostnadsoverslag eller avklaring av kven som skal eige, drifte og følgje opp anlegget. Vest-Telemark Museum har i sin skriftlege førespurnad invitert kommunen til eit spleiselag, men har ikkje forplikta seg til å betale planlegging og installasjon. Opplysninga i innbyggjarane sitt brev om at museet skal ta desse kostnadene, går derfor lenger enn det som går fram av førespurnaden frå museet.

Eigarane har ansvar for at eigne bygg har forskriftsmessig brannsikring. Folkestadbyen er registrert av Riksantikvaren som eit verneverdig tett trehusmiljø. Kommunen har derfor ansvar for å ta risikoen for områdebrann inn i det systematiske brannførebyggjande arbeidet og beredskapsplanlegginga. Den enkelte bygningseigaren har samtidig ansvar for brannsikkerheita i eige bygg. Registreringa inneber ikkje at kommunen har plikt til å etablere eller finansiere det konkrete brannovervakingsanlegget som Vest-Telemark Museum har foreslått.

På det grunnlaget meiner kommunedirektøren at kommunen ikkje bør gå inn i den aktuelle ordninga. Eventuelle framtidige tiltak bør vurderast ut frå ei samla risikovurdering, dokumentert effekt, avklarte kostnader og ei forsvarleg løysing for drift og alarmmottak.

Økonomi

Det ligg ikkje føre konkrete prisar for anlegget. Ut frå omfanget som er skissert, er det svært usikkert kva den endelege kostnaden vil bli. Eit førebels anslag er likevel at eit komplett anlegg kan koste om lag 1,0–1,5 mill. kroner, med årlege driftskostnader på om lag 100 000–200 000 kroner. Kommunen sin del vil avhenge av ei eventuell kostnadsdeling med Vest-Telemark Museum. Anslaget må sjåast på som ei grov vurdering og ikkje som eit sikkert kostnadsoverslag.

Konklusjon:

Kommunedirektøren har forståing for ønsket frå Vest-Telemark Museum og bebuarane om betre brannsikring. Det ligg likevel ikkje føre eit tilstrekkeleg teknisk eller økonomisk grunnlag for at kommunen kan ta stilling til investering, drift og oppfølging av det foreslåtte anlegget.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune går ikkje inn i eit samarbeid om etablering eller drift av det foreslått brannovervakingsanlegget for Øyskogen og Folkestadbyen.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk